

# Prop. 24 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2014 under Justis- og beredskapsdepartementet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 21. november 2014,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2014.

### 2 Forslag om endringar

#### Kap. 400 Justis- og beredskaps-departementet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker ordinære driftsutgifter i Justis- og beredskapsdepartementet.

##### *Omdisponering – IKT Meirverdiprogrammet*

I forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2014 blei det omdisponert 2 mill. kroner frå kap. 440, post 01 til kap. 400, post 01 til dekning av utgifter til konsulentbistand til departementet i forbindelse med IKT-arbeidet i politi og lensmannsetaten. Dette arbeidet har hatt mindre omfang enn planlagt. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 400, post 01 med 2 mill. kroner mot å auke løyvinga tilsvarende under kap. 440, post 01, jf. omtale under kap. 440, post 01.

##### *Omdisponering – Beredskapsentret*

Departementet sitt behov for ekstern bistand i forbindelse med skisseprosjekters arbeidet av nytt beredskapsenter har vore mindre enn venta. Det vert på denne bakgrunn foreslått å redusere løyvinga under kap. 400, post 01 med 150 000 kroner mot å auke løyvinga tilsvarende under kap. 440, post 01, jf. omtale under kap. 440, post 01.

##### *Omdisponering – Utgreiingsarbeid innan IKT-sikkerheit*

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 400, post 01 med 200 000 kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga under kap. 400, post 23, jf. omtale under post 23.

##### *Rammeoverføring – utstyr til gradert videokonferanse*

Statsministeren sitt kontor nyttar Forsvaret sitt system for gradert videokonferanse. I forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2014 blei løyvinga under kap. 400, post 01 auka med 4 mill. kroner for at Justis- og beredskapsdepartementet skal kunne ta i bruk graderte videokonferansar i forbindelse med utøving av rolla som fast leiardepartement i sivile kriser. Justis- og beredskapsdepartementet har gjort dei nødvendige tekniske førebuingane og har bestilt dei aktuelle sys-

tema til Forsvarsdepartementet. Leveransane vil skje i regi av Forsvaret. Det vert på bakgrunn av dette foreslått å auke løyvinga under Forsvarsdepartementet, kap. 1740 Forsvaret sin logistikkorganisasjon, post 01 Driftsutgifter med 4 mill. kroner, mot å redusere løyvinga under kap. 400, post 01 tilsvarende.

#### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å redusera løyvinga under kap. 400, post 01 med 6,35 mill. kroner.

#### *Post 23 Særskilde driftsutgifter, forskning og kunnskapsutvikling, kan overførast*

Løyvinga dekker forskningsprogram relatert til justis- og beredskapsfeltet, utgreiingar, evalueringer m.m.

I forbindelse med utgreiingsarbeid innan IKT-sikkerheit vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 400, post 23 med 200 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga under kap. 400, post 01, jf. omtale under kap. 400, post 01.

#### **Kap. 61 Högsterett**

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker ordinære driftsutgifter i Högsterett.

Lønnsjustering for högsterettsdommarar blir fastsett av Stortinget. Med verknad frå 1. oktober 2013 blei lønna til Högsteretts medlemmer regulert, jf. Innst. 117 S (2013–2014).

Ved ein feil blei det i forbindelse med Prop. 93 S (2013–2014), jf. Innst. 260 S (2013–2014), løvt for lite midler i forbindelse med auka dommarlønn frå 1. oktober 2013.

På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 61, post 01 med 140 000 kroner.

#### **Kap. 410 Tingrettane og lagmannsrattene**

##### *Post 01 Driftsutgifter*

I forbindelse med lågare bruk av notarialforretningar enn lagt til grunn i budsjettet for 2014, er utgiftene til utføring av tenesten redusert. På bakgrunn av dette vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 410, post 01 med 400 000 kroner, jf. omtale under kap. 3410, post 01.

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkludert i rettsgebyret, jf. kap. 3410. Dette er m.a. kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsforetninger, registrering m.m. under offentleg bubehandling og forkynning som er nødvendig etter lova. I enkelte saker blir utgifter til meddommarar og rettsvitne dekte. Løyvinga dekker også arbeidsgjevaravgift av godtgjering til meddommarar og tolkar i sivile saker kor partane sjølv dekker godtgjeringa.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 410, post 21 med 3 mill. kroner.

#### **Kap. 3410 Rettsgesbyr**

##### *Post 01 Rettsgesbyr*

På posten vert det ført inntekter frå gesbypliktige oppgåver i domstolane i forbindelse med sivile saker, tinglysing, skjønn, tvangsforetning, skifte, konkurs m.m.

Frå 1. juli 2013 vart det innført gesby for notarialforretningar og oppbevaring av testament. Bruken av notarialforretningar har gått ned etter at det blei innført gesby. Venta gesbyinntekter knytt til desse tenestene er derfor lågare enn lagt til grunn i budsjettet for 2014. På bakgrunn av dette vert løyvinga under kap. 3410, post 01 foreslått redusert med 18 mill. kroner, jf. omtale under kap. 410, post 01.

#### **Kap. 413 Jordskiftedomstolane**

##### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Jordskifteretten har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene vert ført i eigne saksrekneskap, og utgifter og inntekter skal vere i balanse når saka er fullstendig. Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 413, post 21 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3413, post 02.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 413, post 21 foreslått redusert med 5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3413, post 02.

**Kap. 3413 Jordskiftedomstolane***Post 02 Sideutgifter*

Løyvinga er knytt til tilsvarande utgifter under kap. 413, post 21.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 3413, post 02 foreslått redusert med 5 mill. kroner.

**Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker godtgjering og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, lagrettemedlemmer, enkelte sakkunnige, vitne, rettsvitne og reiseutgifter til desse. Løyvinga på posten dekker også utgifter til vitne som møter eller på anna måte gir forklaring for Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker samt naudsynte blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 414, post 01 foreslått redusert med 25 mill. kroner.

**Kap. 430 Kriminalomsorgsdirektoratet***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker ordinære driftsutgifter i kriminalomsorga.

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 03.

Inntektene under kap. 3430, post 03 er venta å bli høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2014. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 med 4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3430, post 03.

*Post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde mv., kan overførast*

Løyvinga dekker refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslatne frå forvaring og varetektsurrogat.

I 2014 er det venta ein reduksjon i utgiftene under kap. 430, post 60. Årsaka er i hovudsak at kriminalomsorga rekna med at forvaring vart forlenga for nokre personar slik at dei framleis vil kome inn under refusjonsordninga, mens retten valde å ikkje forlenge forvaringa. I tillegg fant ikkje retten å ville lauslate frå fengsel der kriminalomsorga hadde rekna med dette. Det vert derfor

foreslått å redusere løyvinga under kap. 430, post 60 med 22 mill. kroner.

**Kap. 3430 Kriminalomsorgsdirektoratet***Post 03 Andre inntekter*

Løyvinga dekker mellom anna leigeinntekter for teneste- og leigebustadar, refundert kost og husleige, klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadane og tilskot frå andre offentlege verksemder til gjennomføring av prosjekt.

Inntektene på posten er venta å verte høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2014. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 3430, post 03 med 4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 430, post 01.

**Kap. 440 Politidirektoratet – politi og lensmannsetaten***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker ordinære driftsutgifter ved Politidirektoratet, politidistrikta, politireserven og politiet sine særorgan (ikkje Politihøgskolen).

*Omdisponering – Uttransportering*

Det vert foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 5,0 mill. kroner mot å redusere løyvinga tilsvarande under kap. 440, post 21, jf. omtale under kap. 440, post 21.

*Omdisponering – IKT Meirverdiprogrammet*

Det vert foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 2 mill. kroner mot å redusere løyvinga tilsvarande under kap. 400, post 01, jf. omtale under kap. 400, post 01.

*Omdisponering – Beredskapsentret*

Det vert foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 150 000 kroner mot å redusere løyvinga tilsvarande under kap. 400, post 01, jf. omtale under kap. 400, post 01.

*Paralleljustering – Refusjonar*

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01 mot tilsvarande meirinntekt under kap. 3440, post 02. På bakgrunn av venta auke i refusjonar under kap. 3440, post 02, knytt til politioppdrag,

vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 37,4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 02.

#### *Paralleljustering – Salsinntekter*

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01 mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3440, post 03. På bakgrunn av venta auke i salsinntekter under kap. 3440, post 03, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 50,7 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 03.

#### *Eingangsutgifter – Førdebrygga*

Justis- og beredskapsdepartementet foreslår å dekke utgifter i forbindelse med ei særskild erstatningssak med gjeldande løyving under kap. 440, post 01. Politiet gav pålegg om riving i 2009 av den såkalla Førdebrygga i Tromsø i forbindelse med fjerning av eit granatdeponi frå andre verdskrig. Utbetalings skjer etter ei rimelighetsvurdering, og ikkje ved at staten erkjenner erstatningsansvar.

#### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 95,25 mill. kroner.

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Løyvinga dekker sideutgifter som politi og lensmannsetaten har i forbindelse med asylsaker, under dette utgifter til uttransportering i asylsaker og andre utlendingssaker.

I forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2014 blei løyvinga til politiet auka med 17,5 mill. kroner til uttransportering av 400 fleire personar utan lovleg opphold. Auka i løyvinga blei fordelt med 5 mill. kroner under kap. 440, post 01 og 12,5 mill. kroner under kap. 440, post 21. Den riktige fordelinga skal vere 10 mill. kroner under kap. 440, post 01 og 7,5 mill. kroner under kap. 440, post 21.

Det vert på denne bakgrunn foreslått å redusera løyvinga under kap. 440, post 21 med 5,0 mill. kroner, mot å auke løyvinga tilsvarende under kap. 440, post 01, jf. omtale under kap. 440, post 01.

#### *Post 23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjeremål*

Løyvinga dekker sideutgifter i forbindelse med sivile gjeremål.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2014, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 23 med 5 mill. kroner.

#### *Post 73 Tilskot til EU sitt grense- og visumfond*

Noregs tilskot til EU sitt yttergrensefond utløp i 2013. Løyvinga til EU sitt grense- og visumfond erstattar løyvinga til yttergrensefondet. EU vedtok 16. april 2014 forordninga om oppretting av grense- og visuminstrumentet som erstattar Yttergrensefondet, jf. omtale i Prop. 1 S (2014–2015). Rådlegginga om Noreg si deltaking pågår framleis, og vil ikkje vere avklart tidleg nok til at Noreg vil få krav om utbetaling i 2014.

Det vert på denne bakgrunn foreslått å redusere løyvinga under kap. 440, post 73 med 116,644 mill. kroner, til 0 kroner.

#### *Kap. 3440 Politidirektoratet – politi og lensmannsetaten*

##### *Post 02 Refusjonar mv.*

Løyvinga dekker refusjonar for politioppdrag utført for organisasjoner, lag, entreprenørar og offentlege etatar i samsvar med heimel. Frå og med 2014 blei løyvinga under kap. 3440, post 02 og kap. 3441, post 02 slått saman til ei løyving.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2014, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3440, post 02 med 37,4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

#### *Post 03 Salsinntekter*

Løyvinga gjeld inntekter frå sal av utrangerte transportmiddel og utstyr samt inntekter frå Politiets fellestenester sin nettbutikk.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2014, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3440, post 03 med 50,7 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

#### *Post 06 Gebyr – utlendingssaker*

Løyvinga dekker gebyr i forbindelse med søknader om statsborgarskap, familieinnvandring og løyve for arbeid, busetting og utdanning.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2014, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3440, post 06 med 7,9 mill. kroner.

## **Kap. 442 Politihøgskulen**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker driftsutgifter ved Politihøgskulen. Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskrida løyvinga under kap. 442, post 01 mot tilsvarande meirinntekt under kap. 3442, post 03.

På bakgrunn av endra inntektsanslag under kap. 3442, post 03, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 442, post 01 med 2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3442, post 03.

## **Kap. 3442 Politihøgskulen**

### *Post 03 Inntekter fra Justissectoren sitt kurs- og øvingssenter*

Inntekter frå drift av Justissectoren sitt kurs- og øvingssenter i Stavern føres på posten. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2014, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3442, post 03 med 2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 442, post 01.

## **Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker alle ordinære driftsutgifter og investeringar for Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) med underliggende driftseiningar, medrekna Sivilforsvaret, skular og regionkontor.

Sivilforsvaret har hatt ekstraordinære utgifter i forbindelse med innsats vinteren 2014, mellom anna i brannane i Lærdal, Flatanger og Frøya, samt mange skogbrannar over heile landet i sommarmånadane. Sivilforsvaret har også hatt utgifter i forbindelse med handtering av flomsituasjonen på Vestlandet i oktober 2014.

DSB har hatt ekstraordinære utgifter knytt til øvinga Barents Rescue 2013 grunna ein skade på Pollfjelltunnelen i Nord-Troms.

Det vert på bakgrunn av dette foreslått å auke løyvinga under kap. 451, post 01 med 1,1 mill. kroner mot å redusere løyvinga under kap. 455, post 72 tilsvarande, og å auke løyvinga under kap. 451, post 01 med 1,75 mill. kroner mot å redusere løyvinga under kap. 468, post 01 tilsvarande, jf. omtale under kap. 455, post 72 og kap. 468, post 01. Det vert også foreslått å auke løyvinga under kap. 451, post 01 med ytterlegare 3,1 mill. kroner. Samla vert det foreslått å auke løyvinga under

kap. 451, post 01 med 5,95 mill. kroner på bakgrunn av ekstraordinære utgifter i 2014.

Regjeringa vil vurdere løyvingane knytt til flom når ein har fått betre oversikt over konsekvensane. Regjeringa vil ev. komme tilbake til Stortinget med ein proposisjon med forslag om tillegsløyving.

## **Kap. 454 Redningshelikoptertenesta**

### *Post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga dekker investeringar til den offentlege redningshelikoptertenesta og investeringar knytt til anskaffinga av nye redningshelikopter. Løyvinga under posten skal vidare dekke investeringane ved vedlikehalds-, oppgraderings- og modifiseringsprogrammet for Sea King-redningshelikoptra vi har i dag.

Utgiftene til vedlikehaldsprogrammet for Sea King er venta å verte 125 mill. kroner lågare enn det som er løyvinga i 2014, grunna utsatt aktivitet og endring i periodisering. Løyvinga under kap. 454, post 45 vert derfor foreslått redusert med 125 mill. kroner.

## **Kap. 455 Redningstenesta**

### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til å engasjere private selskap, til dømes helikopterselskap, og frivillige redningsorganisasjonar i det enkelte redningstilfellet, refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell mv. Utgiftene varierer med mengde og omfang av redningsaksjonar.

Det har m.a. vore ei generell auke i talet på hendingar i 2014. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 455, post 21 med 2 mill. kroner.

### *Post 71 Tilskot til frivillige organisasjonar i redningstenesta*

Løyvinga dekker tilskot til FORF (Frivillige organisasjonars redningsfaglige forum) og frivillige organisasjonar i redningstenesta som vert representert av paraplyorganisasjonen FORF. Løyvinga kan også dekke tilskot til andre særsviktige frivillige organisasjonar innan redningstenesta.

Stortinget vedtok i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2014 å auke løyvinga på posten med 2,5 mill. kroner til dykkaroplæring til frivil-

lige som deltar i redningsdykkarberedskap, og som må ha redningsdykkarsertifisering. Det vart knytt usikkerheit til når tilskota kunne bli gitt. Det vil ikkje verte utbetalt noko til dette i 2014. På dette grunnlag vert det foreslått å redusere løyinga under kap. 455, post 71 med 2,5 mill. kroner.

#### *Post 72 Tilskot til nød- og sikkerheitstenester*

Løyinga dekker mellom anna tilskot til Telenor for den samfunnspålagde tenesta som Telenor utfører i samanheng med Kystradioen si nød- og sikkerheitsteneste, samt bidrag til å oppretthalde 24-timars tårnteneste på Svalbard Lufthamn.

Det er venta eit mindreforbruk på posten på 1,1 mill. kroner. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyinga under kap. 455, post 72 med 1,1 mill. kroner, mot å auke løyinga under kap. 451, post 01 tilsvarende, jf. omtale under kap. 451, post 01.

### **Kap. 456 Direktoratet for nødkommunikasjon**

I forbindelse med avslutning av landsdekkande utbygging av nytt digitalt radiosamband, Nødnett, er det gjort justeringar i utrullingsplanen som fører til flytting av betalingstidspunkt frå 2014 til 2015 og 2016. Målsettinga om å bygge ut Nødnett i heile landet og gje nødetatane moglegheit til å ta nettet i bruk innan utgangen av 2015 vert ikkje påverka av forslaget om endra periodisering av betalingstidspunkt. Endringane som vert foreslått skal understøtte målsettinga og ta vare på staten sine samla interesser i saka.

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyinga dekker staten sine kostnader knytt til drift av Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) og staten sine plikter som følge av utbygging og drift av Nødnett. Som følge av Stortinget sitt vedtak om landsdekkande Nødnett omfattar løyinga m.a. kostnader til prosjektering i direktoratet knytt til trinn 2, driftskostnader for innføringsprosjekt brann, tilleggselement innan brann og helse og drift av nettet i trinn 2 i utbyggingsperioden. Kostnader til drift av Nødnett inkluderer kostnader til leige av datalinjer og plassering av nytt utstyr i eksisterande basestasjonar.

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyinga under kap. 456,

post 01 mot tilsvarende meirinntekt under kap. 3456, post 02.

Når det gjeld drift av Nødnett trinn 2 er det venta auka kostnader som følge av endringar i behov for betaling av anleggssbidrag når ein inngår leigeavtalar for basestasjonar. Justis- og beredskapsdepartementet foreslår i den forbindelse å auke løyinga under kap. 456, post 01 med 27 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3456, post 02.

#### *Post 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, kan overførast*

Løyinga dekker staten sine utgifter knytt til investering i radionett og utstyr til nødetatane sine kommunikasjonssentralar- og terminalar i 2014. Det er vidare sett av midlar for å støtte nødetatane sine innføringsprosjekta.

Justis- og beredskapsdepartementet foreslår å redusere løyinga under kap. 456, post 45 med 247 mill. kroner. Forslaget er knytt til flytting av betalingstidspunkt frå 2014 til 2015 og 2016, men påverkar ikkje målsettinga om landsdekkande utbygd Nødnett innan utgangen av 2015. Vidare er det innanfor løyinga satt av 100 mill. kroner til venta tillegg, men det er usikkerheit knytt til om leverandøren vil oppnå enkelte betalingstidspunkt mot slutten av året og om desse midlane vil bli nytta.

### **Kap. 3456 Direktoratet for nødkommunikasjon**

#### *Post 01 Brukarbetaling*

Løyinga dekker brukarbetaling knytt til utgifter til drift av Nødnett.

Som følge av at enkelte brukarar i trinn 2-området har teke Nødnett i bruk noko seinare enn planlagt, vert det foreslått å redusere løyinga under kap. 3456, post 01 med 20 mill. kroner.

#### *Post 02 Variable refusjonar*

Løyinga dekker refusjonar frå brukarane av Nødnett i forbindelse med at DNK har variable drifts- og utbyggingsutgifter som vert initiert av brukarane.

Justis- og beredskapsdepartementet viser til forslaget om å auke løyinga under kap. 456, post 01. Som følge av auke av refusjonar frå leverandøren vert det foreslått å auke løyinga under kap. 3456, post 02 med 27 mill. kroner.

**Kap. 460 Spesialeininga for politisaker***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker driftsutgifter til Spesialeininga for politisaker.

I samanheng med revidert nasjonalbudsjett 2014, jf. Innst. 260 S (2013–2014), vart løyvinga på posten auka med 17,8 mill. kroner til arbeidet med pågående etterforsking av ei sak med mistanke om grov korruption. Prognosar frå Spesialeininga for politisaker viser at kostnadane knytt til etterforskinga av saka er lågare enn venta.

På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 460, post 01 med 4,9 mill. kroner.

**Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til salær og reise- og kostgodtgjering til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnemnd av retten i den einskilde sak eller av Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker. Løyvinga dekker òg tapt arbeidsforteneste til tolkar og sakkunnige som ikkje har krav på salær i straffesaker. Løyvinga dekker vidare visse utgifter til Den rettsmedisinske kommisjon, som honorar/godtgjering og reise- og kursutgifter. Løyvinga dekker dessutan salær og reise- og opphaldsutgifter til aktor i militære straffesaker, visse utgifter i civile saker og utgifter i Justis- og beredskapsdepartementet til omsetting i rettsoppmodings- og utleveringssaker.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 466, post 01 med 40 mill. kroner.

**Kap. 467 Norsk lovtidend***Post 01 Driftsutgifter*

Norsk Lovtidend inneholder kunngjeringar av lover, forskrifter og ein del andre vedtak. Løyvinga på posten dekker utgifter til tilverking av manuskript og arbeidet med den elektroniske utgåva av Norsk Lovtidend.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 467, post 01 med 1 mill. kroner.

**Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker godtgjersle til kommisjonens medlemmer og anna godtgjersle, lønn til medarbeidarane i sekretariatet samt andre driftsutgifter knytt til sekretariatet til kommisjonen.

Prognosane for driftsutgiftene i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er redusert. Dette har m.a. samanheng med at kommisjonen ikkje har vore fullt bemanna i 2014.

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 468, post 01 med 1,75 mill. kroner, mot å auke løyvinga under kap. 451, post 01 tilsvarende, jf. omtale under kap. 451, post 01.

**Kap. 469 Verjemålsordninga***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker driftsutgifter til fylkesmannsembata og sentral verjemålsmyndighet.

I forbindelse med bruk av eID og digital post vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 469, post 01 med 32 000 kroner, mot ein tilsvarende reduksjon under Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 540 Direktoratet for forvaltning og IKT, post 22 Betaling for bruk av elektro-nisk ID og sikker digital postteneste.

*Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til vederlag og utgiftsrefusjon for verjer, jf. den nye verjemålslova § 30, og godtgjering og utgiftsrefusjon for representantar til einslege mindreårige asylsøkjarar og utgifter til tolkar, jf. utlendingslova § 98 f.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 469, post 21 med 20 mill. kroner.

**Kap. 470 Fri rettshjelp***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsle.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 01 med 5 mill. kroner.

***Post 70 Fri sakførsle***

Løyvinga dekker utgifter til advokatar m.m. i saker der det er gitt heil eller delvis fri sakførsle.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 70 med 15 mill. kroner.

***Post 71 Fritt rettsråd***

Løyvinga dekker utgifter til advokatar og rettshjelpearar i saker der det er gitt fritt rettsråd.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 470, post 71 med 8 mill. kroner.

**Kap. 471 Staten sitt erstatningsansvar og Stortinget si rettferdsvederlagsordning*****Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving***

Utbetalingar som følge av at staten er erstatningsansvarleg etter dei alminnelege erstatningsreglane eller har inngått forlik utan å vedgå ansvar, vert belasta denne posten. Løyvinga dekker ikkje utbetalingar som følger av staten sitt ansvar i kontrakttilhøve og ansvar i forbindelse med staten si forretningsdrift.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 471, post 71 med 21 mill. kroner.

***Post 72 Erstatning etter straffeforfølging, overslagsløyving***

Etter straffeprosesslova kapitla 30 og 31, jf. forskrift om standardsatsar for erstatning etter straffeforfølging, har ein sikta rett til erstatning for økonomisk tap og til oppreising etter faste satsar for krenking eller anna skade av ikkje-økonomisk art dersom vedkommande vert frifunnen, forfølginga vert innstilt eller vedkommande har vore arrestert eller fengsla i strid med sentrale menneskerettskonvensjonar.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 471, post 72 med 5 mill. kroner.

***Post 73 Stortinget si rettsferdvederlagsordning***

Rettferdsvederlagsordninga er Stortinget si eiga ordning der enkeltpersonar som har kome særleg uheldig ut i møte med det offentlege i forhold til andre på same tid, kan søke om ein skjønnsmessig kompensasjon. Søknadene vert avgjorde av

utvalet til Stortinget for rettferdsvederlag. Ordninga er basert på sedvane og er ikkje nærmare regulert i formelle reglar.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 471, post 73 med 19 mill. kroner.

**Kap. 474 Konfliktråd*****Post 01 Driftsutgifter***

Løyvinga dekker drifta av 22 konfliktråd og Sekretariatet for konfliktråda.

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 474, post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3474, post 02. Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 474, post 01 med 2 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon i løyvinga under kap. 3474, post 02, jf. omtale under kap. 3474, post 02.

**Kap. 3474 Konfliktråd*****Post 02 Refusjonar***

Inntekter på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene til konfliktråda i forbindelse med kurs og konferansar.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3474, post 02 med 2 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon i løyvinga under kap. 474, post 01, jf. omtale under kap. 474, post 01.

**Kap. 490 Utlandingsdirektoratet*****Post 01 Driftsutgifter***

Løyvinga dekker utgifter til drift av Utlandingsdirektoratet (UDI).

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 490, post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3490, post 05.

På bakgrunn av auka refusjonar frå politiet, Utlandingsnemnda og Integrerings- og mangfalddirektoratet (IMD) for bruk av IKT-systemet DUF, lønnsrefusjonar for utlån av tilsette til andre delar av forvaltninga og auka inntekter som følger av formannskap i General Directors' Immigration Services Conference (GDISC) i år, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 490, post 01 med 5,1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3490, post 05.

***Post 21 Særskilde driftsutgifter, statlege mottak***

Løyvinga dekker staten sine utgifter til drift av statlege mottak for asylsøkjarar.

Gjeldande løyving er basert på eit gjennomsnittleg belegg i mottak på 15 560, blant desse 330 einslege mindreårige, jf. Prop. 93 S (2013–2014). Nyare prognosar viser at gjennomsnittleg belegg i mottak er venta å vere 15 110, blant desse 400 i mottak for einslege mindreårige asylsøkjarar. Mindreutgiftene som følger av dette vert anslått til 18,5 mill. kroner.

Som følge av lågare utnytting av kapasiteten enn det som er lagt til grunn for budsjettet, er det venta eit meirforbruk. Dette heng saman med at UDI har planlagt for fleire nye asylsøkjarar enn det som har vore tilfellet, og oppseiningstid på kontraktar for drift av mottak. Meirutgiftene som følger av dette vert anslått til 72,4 mill. kroner.

Samla vert det på bakgrunn av dette foreslått å auke løyvinga under kap. 490, post 21 med 53,9 mill. kroner.

***Post 22 Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting***

Løyvinga dekker utgiftene UDI har til tolking og omsetting i forbindelse med behandlinga av asylsaker.

UDI har gjennomført færre intervju til ein lågare gjennomsnittleg kostnad enn lagt til grunn i budsjettet. Som følge av dette vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 22 med 15 mill. kroner.

***Post 60 Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjarar og flyktningar***

Løyvinga dekker kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i forbindelse med drift av mottak.

Færre bebuarar i mottak tilseier isolert sett ei mindreutgift på posten. På grunn av ein høgare del bebuarar i mottak for einslege mindreårige og lågare utnytting av kapasiteten i mottak enn det som er lagt til grunn for budsjettet, jf. omtale under post 21, er det venta eit meirforbruk på posten.

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 490, post 60 med 6,3 mill. kroner.

***Post 70 Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak***

Løyvinga dekker utgifter til økonomiske ytingar til asylsøkjarar og flyktningar i tida dei oppheld seg i

mottak. Satsane for økonomiske ytingar er differensierte på bakgrunn av søknadsstatus, familiestatus o.a.

Som omtalt under kap. 490, post 21 vert det gjennomsnittlege talet på bebuarar i mottak i 2014 lågare enn det som tidligare har vore lagt til grunn. Det gir eit venta mindreforbruk på om lag 14,6 mill. kroner. Vidare er det lågare gjennomsnittlege kostnader per bebuar enn tidlegare lagt til grunn, hovudsakleg som følgje av endra samansetning av bebuarar i mottak. Dette gir eit venta mindreforbruk på 15 mill. kroner.

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 70 med 29,6 mill. kroner.

***Post 72 Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, kan overførast***

Løyvinga dekker både individuell økonomisk støtte ved tilbakevending, og tilskot til prosjekt som støttar opp under retur og tilbakevending. Det har så langt i 2014 vorte brukt mindre av løyvinga under post 72 enn venta. Hovudsakleg kjem dette av at færre har nytta seg av tilbodet om assistert retur og at utgiftene per retur har vore lågare enn tidlegare lagt til grunn.

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 72 med 15 mill. kroner.

***Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og fra utlandet, kan overførast***

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar, familiemedlemmer til personar med vern og flyktningar som drar tilbake til heimlandet.

På bakgrunn av færre overføringsflyktningar og familieinnvandrarar enn tidlegare lagt til grunn, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 75 med 400 000 kroner.

**Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet*****Post 01 Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter***

Løyvinga dekker inntekter i forbindelse med at nokre av utgiftene som er knytt til retur og tilbakevending for flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelpe (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om reduksjon av løyvinga under kap. 490, post 72, samt lågare del returar til ODA-land, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490, post 01 med 25,4 mill. kroner.

*Post 03 Reiseutgifter for flyktningar til og fra utlandet, ODA-godkjende utgifter*

Løyvinga dekker inntekter i forbindelse med at nokre av utgiftene som er knytt til reiseutgifter for flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om reduksjon av løyvinga under kap. 490, post 75 vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490, post 03 med 400 000 kroner.

*Post 04 Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter*

Løyvinga dekker inntekter i forbindelse med at nokre av utgiftene som er knytt til mottak for asylsøkjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om endring i løyvingar under kap. 490, post 21, post 60 og post 70, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3490, post 04 med til saman 81,1 mill. kroner.

*Post 05 Refusjonsinntekter*

Løyvinga dekker refusjonar for fellesstenester frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) og refusjonar for andre verksemder si bruk av IKT-systemet DUF, samt andre mindre refusjonar.

På bakgrunn av auka refusjonar frå politiet, UNE og IMDi for bruk av IKT-systemet DUF, lønnsrefusjonar for utlån av tilsette til andre delar av forvaltninga og auka inntekter som følgjer av formannskap i GDISC i år, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3490, post 05 med 5,1 mill. kroner mot tilsvarande auke av løyvinga

under kap. 490, post 01, jf. omtale under kap. 490, post 01.

**Kap. 491 Utlandersnemnda**

*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 491, post 21*

Løyvinga dekker utgifter knytt til drift av UNE, under dette utgifter knytt til behandling av saker, eksklusive utgifter til nemndmøter.

På grunn av redusert behov for behandlingskapasitet i UNE er det venta eit mindreforbruk på 3 mill. kroner. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 491, post 01 med 3 mill. kroner.

*Post 21 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttast under kap. 491, post 01*

Løyvinga dekker utgifter knytt til behandling av saker i nemndmøte.

På grunn av lågare utgifter til nemndbehandling enn tidlegare lagt til grunn, er det venta eit mindreforbruk på 3 mill. kroner under kap. 491, post 21. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 491, post 21 med 3 mill. kroner.

Justis- og beredskapsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2014 under Justis- og beredskapsdepartementet.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2014 under Justis- og beredskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2014 under  
Justis- og beredskapsdepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2014 vert det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justis- og beredskapsdepartementet	
01		Driftsutgifter, vert redusert med .....	6 350 000
		frå kr 358 044 000 til kr 351 694 000	
23		Særskilde driftsutgifter, forskning og kunnskapsutvikling, <i>kan overførast</i> , vert auka med .....	200 000
		fra kr 23 985 000 til kr 24 185 000	
61		Høgsterett	
01		Driftsutgifter, vert auka med .....	140 000
		frå kr 95 538 000 til kr 95 678 000	
410		Tingrettane og lagmannsrettane	
01		Driftsutgifter, vert redusert med .....	400 000
		frå kr 1 806 824 000 til kr 1 806 424 000	
21		Særskilde driftsutgifter, vert auka med .....	3 000 000
		frå kr 20 724 000 til kr 23 724 000	
413		Jordskiftedomstolane	
21		Særskilde driftsutgifter, kan overførast, vert redusert med .....	5 000 000
		frå kr 13 328 000 til kr 8 328 000	
414		Forliksråd og andre domsutgifter	
01		Driftsutgifter, vert redusert med .....	25 000 000
		frå kr 165 893 000 til kr 140 893 000	
430		Kriminalomsorgsdirektoratet	
01		Driftsutgifter, vert auka med .....	4 000 000
		frå kr 3 731 477 000 til kr 3 735 477 000	
60		Refusjonar til kommunane, forvaringsdømte mv., <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	22 000 000
		frå kr 92 300 000 til kr 70 300 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 13 102 307 000 til kr 13 197 557 000	95 250 000
	21	Særskilde driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 289 513 000 til kr 284 513 000	5 000 000
	23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjeremål, vert auka med ..... frå kr 77 142 000 til kr 82 142 000	5 000 000
	73	Tilskot til EU sitt grense- og visumfond, vert redusert med ..... frå kr 116 644 000 til kr 0	116 644 000
442		Politihøgskulen	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 567 248 000 til kr 569 248 000	2 000 000
451		Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 663 782 000 til kr 669 732 000	5 950 000
454		Redningshelikoptertenesta	
	45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 455 320 000 til kr 330 320 000	125 000 000
455		Redningstenesta	
	21	Særskilde driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 18 022 000 til kr 20 022 000	2 000 000
	71	Tilskot til frivillige organisasjonar i redningstenesta, vert redusert med ..... frå kr 27 896 000 til kr 25 396 000	2 500 000
	72	Tilskot til nød- og sikkerheitstenester, vert redusert med ..... frå kr 98 671 000 til kr 97 571 000	1 100 000
456		Direktoratet for nødkommunikasjon	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 505 633 000 til kr 532 633 000	27 000 000
	45	Større utstyrsskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , vert redusert med ..... frå kr 1 495 793 000 til kr 1 248 793 000	247 000 000
460		Spesialeningen for politisaker	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 58 858 000 til kr 53 958 000	4 900 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
466		Særskilde straffesaksutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 1 087 980 000 til kr 1 127 980 000	40 000 000
467		Norsk Lovtidend	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 3 397 000 til kr 4 397 000	1 000 000
468		Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 16 387 000 til kr 14 637 000	1 750 000
469		Verjemålsordninga	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 199 387 000 til kr 199 419 000	32 000
	21	Særskilde driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 67 896 000 til kr 87 896 000	20 000 000
470		Fri rettshjelp	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 10 664 000 til kr 15 664 000	5 000 000
	70	Fri sakførsle, vert auka med ..... frå kr 595 156 000 til kr 610 156 000	15 000 000
	71	Fritt rettsråd, vert redusert med ..... frå kr 162 994 000 til kr 154 994 000	8 000 000
471		Staten sitt erstatningsansvar og Stortinget si rettferdsvederlagsordning	
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsløyving</i> , vert auka med ..... frå kr 76 715 000 til kr 97 715 000	21 000 000
	72	Erstatning etter straffeforfølging, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med ..... frå kr 21 169 000 til kr 16 169 000	5 000 000
	73	Stortinget sin rettferdsvederlagsordning, vert redusert med ..... frå kr 60 000 000 til kr 41 000 000	19 000 000
474		Konfliktråd	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 95 143 000 til kr 93 143 000	2 000 000
490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 838 251 000 til kr 843 351 000	5 100 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	21	Særskilde driftsutgifter, statlege mottak, vert auka med ..... frå kr 1 692 841 000 til kr 1 746 741 000	53 900 000
	22	Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting, vert redusert med..... frå kr 57 546 000 til kr 42 546 000	15 000 000
	60	Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjarar og flyktningar, vert auka med ..... frå kr 311 175 000 til kr 317 475 000	6 300 000
	70	Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak, vert redusert med ..... fra kr 506 385 000 til kr 476 785 000	29 600 000
	72	Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 110 618 000 til kr 95 618 000	15 000 000
	75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 17 287 000 til kr 16 887 000	400 000
491		Utlendingsnemnda	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21</i> , vert redusert med ..... frå kr 279 800 000 til kr 276 800 000	3 000 000
	21	Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttast under post 01</i> , vert redusert med..... frå kr 12 413 000 til kr 9 413 000	3 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3410		Rettsgebyr	
	01	Rettsgebyr, vert redusert med ..... frå kr 191 039 000 til kr 173 039 000	18 000 000
3413		Jordskiftedomstolane	
	02	Sideutgifter, vert redusert med..... frå kr 13 416 000 til kr 8 416 000	5 000 000
3430		Kriminalomsorgsdirektoratet	
	03	Andre inntekter, vert auka med ..... frå kr 15 690 000 til kr 19 690 000	4 000 000
3440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	02	Refusjonar mv., vert auka med ..... frå kr 342 618 000 til kr 380 018 000	37 400 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	03	Salsinntekter, vert auka med ..... frå kr 100 232 000 til kr 150 932 000	50 700 000
	06	Gebyr – utlendingssaker, vert redusert med..... frå kr 158 800 000 til kr 150 900 000	7 900 000
3442		Politihøgskulen	
	03	Inntekter frå Justissektoren sitt kurs- og øvingssenter, vert auka med..... frå kr 16 560 000 til kr 18 560 000	2 000 000
3456		Direktoratet for nødkommunikasjon	
	01	Brukabetalinger, vert redusert med ..... frå kr 124 725 000 til kr 104 725 000	20 000 000
	02	Variable refusjonar, vert auka med ..... frå kr 107 729 000 til kr 134 729 000	27 000 000
3474		Konfliktråd	
	02	Refusjonar, vert redusert med..... frå kr 2 490 000 til kr 490 000	2 000 000
3490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Retur av asylsøkjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med..... frå kr 126 654 000 til kr 101 254 000	25 400 000
	03	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med..... frå kr 19 688 000 til kr 19 288 000	400 000
	04	Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter, vert auka med .....	81 100 000
		frå kr 1 072 114 000 til kr 1 153 214 000	
	05	Refusjonsinntekter, vert auka med .....	5 100 000
		frå kr 12 583 000 til kr 17 683 000	

---



---



---

